

Møteprotokoll

Utvalg: Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre

Møtestad: e-postmøte

Dato: 21.11.2016

Tidspunkt: Alle e-postsvar motteke 21.11.16

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	LEDER	
Iselin Jonassen	NESTL	
Bjarne Eiolf Holø	MEDL	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen
(sign.)

Iselin Jonassen
(sign.)

Bjarne Eiolf Holø
(sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/2016	Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Transport etter Glitterheimvegen i samband med konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte		2016/7214

ST 17/2016 Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Transport etter Glitterheimvegen i samband med konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 21.11.2016

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, får Glitterheim Turisthytte dispensasjon for transport på strekninga frå bommen i Veodalen til Glitterheim i samband med planlagt arrangement av Vamp-konsert 9. juli 2017. Dispensasjonen omfattar følgjande tiltak:

- Kjøring med to trailerar med utstyr og ein bandbuss for Vamp, frå bommen i Veodalen til Glitterheim og retur, i samband med konsert søndag 9. juli 2017.
- Nødvendig transport av sykklar ut over den daglege transporten av varer/utstyr som ligg inne i det ordinære driftsløyvet for DNT / Glitterheim, for å få god fordeling av syklane i samband med auka bruk knytt til konsertarrangementet helga 7.-9. juli.
- Transport av funksjonshemma personar som ikkje er i stand til å gå eller sykle strekninga frå bommen ved eige hjelp, kan samordnast med kjøring av sykklar/varer.
- Transport av sykklar og utstyr som blir utført av vertskapet på Glitterheim skal i størst mogleg grad samordnast med ordinær driftsmessig varetransport til Glitterheim.

Nasjonalparkforvaltninga vil i samarbeid med Statens Naturoppsyn nytte høvet til å informere om nasjonalparken og verneverdiane.